



Utval: Formannskapet
Møtestad: Rådhus Valldal
Dato: 22.01.2026
Tid: Kl. 17:00 - 19:30

Medlemmer:	Parti
Jens Einar Aklestad	AP
Espen Heitmann	Frp
Ester Reidun Vinje Nilsen	H
Jan Are Remme	H
Lars Kristian Øvrebust	Sp
Terese Jemtegård Moen	Sp (kom til møte kl. 17:15)
Dagrun Agnes Vikesland	SV

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Bjørn Inge Ruset
Kommunalsjef Teknisk Freddy Hanssen
Kommunalsjef Helse, omsorg og velferd Sindre Sjøvik Erstad
Økonomisjef Dag Olav Tennfjord
Fagsjef samfunn Aud Lindis Ødegaard
Prosjektleder HUS Are Sveinung Leira
Personalsjef Marius Moe
Sekretær Alexander Oudijk

Terese Jemtegård Moen
ordfører

Alexander Oudijk
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møtebok
002/26	Deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7
003/26	Tilvisingsbustader i Fjord kommune
004/26	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre - Administrativt vertskommunesamarbeid
005/26	Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar
006/26	Referatsaker

Merknader til innkalling:

- Ettersendt på epost måndag 19.01.: tilleggsinformasjon til FS-sak 002/26 - Deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7 med tittel: Orientering lokal tilknytning Botnen.
- Ettersendt onsdag 21.01.: Oversikt status politiske vedtak 2025. Høyrer til orientering i planforum.
- Ettersendt torsdag 22.01: Uttale frå Eldrerådet og Råd for personar med funksjonsnedsetting (RFUN) i FS-sakene:
 - FS 003-26 - Tilvisingsbustader i Fjord kommune
 - FS 005/26 - Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar

Ingen merknader til sakliste.

Møte starta med Planforum og orientering om framdrift av planprosessane.

- Presentasjon med skisse til samanheng og framdrift i planprosessar vert lagt ved utsending av protokoll.

Orienteringar frå ordføraren:

- **Prosess grensejustering Liabygda:**
 - Det vart gjennomført eit første møte mellom Fjord og Stranda kommunar 14.01. der ein la ein plan for arbeid/prosessen fram mot grensejustering av Liabygda frå 01.01.2027
 - Referat frå møtet vert sendt formannskapet saman med møteprotokollen
- **Innspel til kommunekommisjonen si innstilling**
 - I samband med at Kommunekommisjonen har levert si innstilling del 1 har fylkestyroleiar i KS Møre og Romsdal bedt ordførarar og kommunedirektørar i MR om innspel som han kan ta med i møte med hovdestyroleiar Gunn Marit Helgesen.
 - I samråd med kommunedirektøren har ordførar utarbeidd og sendt innspel. Dette vert sendt formannskapet saman med møteprotokollen.

- **Arbeid i interregionalt samarbeid for beitedyr og jerv**

- Det interregionale samarbeidet består av 13 kommunar frå fylka Møre og Romsdal, Innlandet og Vestland, saman med Bondelaga, Bonde- og Småbrukarlag og Sau og Geit i dei tre fylka. Det er etablert eit arbeidsutval der fylkessekretær i Møre og Romsdal bondelag er sekretær, og ordførar i Fjord kommune er utpekt både som representant for kommunane i Møre og Romsdal og som leiar av det interregionale samarbeidet.
- 19.12. vart det sendt eit brev til statsminister og klima- og miljøminister med våre krav til regjeringa, og behov for tiltak og samarbeid. Dette brevet vert sendt formannskapet saman med møteprotokollen.
- 22.01. vart det gjennomført møte mellom arbeidsutvalet og Klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen. Dette var eit positivt møte der vi fekk lovnad om at det skal arbeidast for hovedkravet vårt om at jervebestanden skal ned på bestandsmål i løpet av 2026, og at den skal halde seg på bestandsmål framover. Vi skal ha vidare tett dialog med departementet for å halde trykket oppe på å få gjennomført tiltak.

Orienteringar frå kommunedirektøren:

- Økonomi- og finansreglement v/ økonomisjef Dag Olav Tennfjord
- Oversikt status politiske vedtak 1. halvår 2025
- Pågåande prosess vedkomande endring leing pleie/omsorg

001/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 001/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

002/26: Deling av eigedom gbnr 52/3 og 52/7

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av jordlova § 12 avslår kommunen søknad om deling av landbrukseigedom 52/7,3

Grunngjeving: Mest mogeleg landbruksareal (jord- og skogbruk) bør høyra til landbrukseigedomar der buplikt er relevant, slik at ein i størst mogeleg grad sikrar lokal tilknytning, lokal verdiskaping og goder som til dømes jakt, for lokalsamfunnet.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Alternativt vedtak, foreslått av Jan Are Remme, Høgre

Kommunen tillèt etter jordlova frådeling av 52/3 frå landbrukseigedomen 52/7,3.

Grunngjeving: Kommunen kan sørge for buplikt ved å innføre lokal forskrift om konsesjonsgrenser.

Skog som ikkje er kartlagt i AR5 er i hovudsak bjørkeskog/kratt i ulendt terreng, og er per i dag i praksis ikkje relevant med tanke på jord-/skogbruk. Avgjevarbruket er i liten grad avhengig av arealet som er søkt frådelt. Det er positivt om nokon vedlikeheld bygning i Botnen. Med eller utan frådeling er det berre 16 daa dyrkamark som er eigd, og dette gjev lite vinterfôr med tanke på eventuell utnytting av beite, og vert normalt rekna som ein svært liten eigedom for å driva jordbruk. *Det er inngått intensjonsavtale om salg til en lokal innbygger med odel på et bruk i samme bygd som hovedbruket. Kjøper har signalisert at eiendommen skal rehabiliteres slik at bygningsmasse settes tilbake i original stand. Videre har kjøper signalisert at dagens forpaktning av jord skal videreføres til eksisterende leietager, og på denne måten blir beitemark holdt i hevd. Kjøper sitt odelsbruk har tilsvarende forutsetninger som dagens hovedbruk knyttet til dyrehold, og et salg vil derfor ikke forandre forutsetningene lokalt i vesentlig grad. Samlet sett legges det til grunn at eiendommen dermed forblir ivaretatt ihht jordlova §1 og at fordelene med ny eier er større enn at dagens eier beholder eiendommen.*

Utsetting med føremål dialog med søkar om å overføre Botnen til anna landbrukseiendom, foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti

Saka blir utsett. Formannskapet ber administrasjonen om å gå i dialog med eigar/søkar vedrørende overføring til anna bruk tilhøyrande interessenten sin familie. Formannskapet ber også om ei tydeleg avklaring av korleis ei utskilling av Botnen vil påverke konsesjonsgrense for hovudbruket Engeset.

Tilleggsinformasjon til saka frå Håkon Døving med tittel: '**Orientering lokal tilknytning Botnen**' vart ettersendt til formannskapet per e-post 19.01.16.

Jan Are Remme (H) presenterte alternativt forslag til vedtak frå Fjord Høgre og Frp.

Saka vart drøfta.

Dagrun Agnes Vikesland (SV) fremma forslag til utsetting av saka:

'Saka blir utsett. Formannskapet ber administrasjonen om å gå i dialog med eigar/søkar vedrørende overføring til anna bruk tilhøyrande interessenten sin familie. Formannskapet ber også om ei tydeleg avklaring av korleis ei utskilling av Botnen vil påverke konsesjonsgrense for hovudbruket Engeset.'

Det vart røysta over utsettingsforslaget frå Dagrun Agnes Vikesland (SV):

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt forslag - Utsetting med føremål dialog med søkar om å overføre Botnen til anna landbrukseiendom**

Dagrun Agnes Vikesland (SV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Utsettingsforslaget frå Dagrun Agnes Vikesland (SV) vart samrøystes vedteke.

FS- 002/26 Vedtak:

Saka blir utsett.

Formannskapet ber administrasjonen om å gå i dialog med eigar/søkar vedrørende overføring til anna bruk tilhøyrande interessenten sin familie. Formannskapet ber også om ei tydeleg avklaring av korleis ei utskilling av Botnen vil påverke konsesjonsgrense for hovudbruket Engeset.

003/26: Tilvisingsbustader i Fjord kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune vil lyse ut tilvisingsavtaler for å legge til rette for private utbyggjarar å etablere fleire sentrumsnære bustader.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Uttale frå Eldrerådet og RFUN (Råd for personar med funksjonsnedsetting i saka vart ettersendt pr. e-post 22.01.26.

Uttale Eldreråd:

'Eldrerådet stiller seg positiv til saksvurdering og konklusjon, men meiner saka skulle ha vore lagt fram for Eldrerådet.'

Stor ros til artikkelen i Storfjordnytt, som var veldig informativ om saka.

Eldrerådet ber om eit møte for å få meir informasjon om vidare framdrift.'

Uttale RFUN:

'Råd for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgjevande organ i Fjord kommune. Difor meiner vi at saka skulle ha vore i rådet før det vart sendt til formannskapet.

RFUN støttar forslaget i saka og ber om eit møte for å få meir informasjon om vidare framdrift.'

Saka vart drøfta.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 003/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling:

Fjord kommune vil lyse ut tilvisingsavtaler for å legge til rette for private utbyggjarar å etablere fleire sentrumsnære bustader.

004/26: Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre - Administrativt vertskommunesamarbeid

Kommunedirektøren si innstilling:

Deltagelse i Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre fremstår som det økonomisk mest fordelaktige valget for kommunen. Overgangen til provenyfinansiering vil gradvis redusere behovet for å budsjettere egne kostnader til deltagelse og vil fordele kostnadene ut der behovet for avtalen ligger.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS- 004/26 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Kommunedirektøren si innstilling:

Deltagelse i Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre fremstår som det økonomisk mest fordelaktige valget for kommunen. Overgangen til provenyfinansiering vil gradvis redusere behovet for å budsjettere egne kostnader til deltagelse og vil fordele kostnadene ut der behovet for avtalen ligger.

005/26: Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar

Kommunedirektøren si innstilling:

Koordinerende eining (Forvaltningskontoret) får delegert mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar i Fjord kommune.

- Når koordinatoransvar vert plassert hos ei eining, skal einingsleiar ha ansvar for å peike ut konkret koordinator innanfor si eining.
- Koordinerende eining skal ha ansvar for opplæring, tilgang til fagsystem og oppfølging av koordinatorar.
- Ved uklar ansvarsdeling mellom einingar, skal koordinator kalle inn til møte for avklaring.
- Koordinerende eining skal melde frå til kommunalsjef dersom tiltak i IP ikkje kan gjennomførast grunna ressursmangel.

Formannskapet 22.01.2026:

Behandling:

Tilføyning, foreslått av Dagrun Agnes Vikesland, Sosialistisk venstreparti
Barnehagelærarar, lærarar og LOS skal som hovudregel ikkje oppnemnast som koordinator. I tilfelle ein gjer unntak frå denne regelen skal det ligge føre særlege tilhøve og vere avklart direkte med den det gjeld og ikkje berre med einingsleiar.

Uttale frå Eldrerådet og RFUN (Råd for personar med funksjonsnedsetting i saka vart ettersendt pr. e-post 22.01.26.

Uttale Eldreråd:

'Denne saka burde har vore til uttale i Eldrerådet før politisk behandling. Eldrerådet si uttale er at dette er flott og at vi støtter saksgrunnlaget og konklusjonen.'

Uttale RFUN:

'Råd for personar med funksjonsnedsetting er eit rådgjevande organ i Fjord kommune. Difor meiner vi at saka skulle ha vore i rådet før politisk behandling.'

Saka vart drøfta.

Dagrun Agnes Vikesland (SV) fremma fellesforslag til nytt punkt i kommunedirektøren si innstilling:
'Barnehagelærarar, lærarar og LOS skal som hovudregel ikkje oppnemnast som koordinator. I tilfelle ein gjer unntak frå denne regelen skal det ligge føre særlege tilhøve og vere avklart direkte med den det gjeld og ikkje berre med einingsleiar.'

Det vart først røysta over kommunedirektøren si innstilling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (86%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2

Mot: 1 stemme (14%) - SV 1

Kommunedirektøren si innstilling vart vedteke mot 1 røyst.

Deretter vart det røysta over tilleggssforslaget frå Dagrun Agnes Vikesland (SV):

Votering nr 2 - Votering over forslagForslag: **Nytt forslag - Tilføyning**

Dagrun Agnes Vikesland (SV)

For: 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1**Mot:** 0 stemmer (0%)

Tilleggsforslaget frå Dagrun Agnes Vikesland (SV) vart samrøystes vedteke.

FS- 005/26 Vedtak:**Innstilling til kommunestyret:**

Koordinerande eining (Forvaltningskontoret) får delegert mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar i Fjord kommune.

- Når koordinatoransvar vert plassert hos ei eining, skal einingsleiar ha ansvar for å peike ut konkret koordinator innanfor si eining.
- Koordinerande eining skal ha ansvar for opplæring, tilgang til fagsystem og oppfølging av koordinatorar.
- Ved uklar ansvarsdeling mellom einingar, skal koordinator kalle inn til møte for avklaring.
- Koordinerande eining skal melde frå til kommunalsjef dersom tiltak i IP ikkje kan gjennomførast grunna ressursmangel.
- Barnehagelærarar, lærarar og LOS skal som hovudregel ikkje oppnemnast som koordinator. I tilfelle ein gjer unntak frå denne regelen skal det ligge føre særlege tilhøve og vere avklart direkte med den det gjeld og ikkje berre med einingsleiar.

006/26: Referatsaker**Kommunedirektøren si innstilling:**

Referatsakene blir tatt til orientering.

Formannskapet 22.01.2026:**Behandling:****Votering nr 1** - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 7 stemmer (100%) - AP 1, Frp 1, H 2, Sp 2, SV 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**FS- 006/26 Vedtak:****Kommunedirektøren si innstilling:**

Referatsakene blir tatt til orientering.